



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT

frå Kviteseid Sokneråd
onsdag 3. mars 2021, kl.18.00-20.00
Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen, Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar).
Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Inge Waldenstrøm (3. vara) og Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Forfall:

Vidar Syrtveit Mikalsen og Toralf Grave

Ord for dagen: Møyfrid Lunde
Servering ved Gudrun Nordbø Venås

Oversikt over saker:

SR-sak 11.21 FR	Innkalling og sakliste
SR-sak 12.21 FR	Post og meldingar
SR-sak 13.21 FR	Årsrekneskapen 2020
SR-sak 14.21 FR	Årsmelding 2020
SR-sak 15.21 FR	Sakliste til soknemøte og årsmøte
SR-sak 16.21 FR	Konfirmasjon i framtida
SR-sak 17.21 SR	Mandat for gudstenesteutvalet
SR-sak 18.21 SR	Fasteaksjonen
SR-sak 19.21	Eventuelt

SR-sak 11.21 FR	Innkalling og sakliste	MG
<p>Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 24. februar til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).</p> <p>Merknader til innkalling eller sakliste?</p> <p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		

Gjennomførte arrangement

- Møte i utval og komitear
26. jan: Gudstenesteutvalet.
5. febr.: Redaksjonsmøte for kyrkjebladet som kjem ut før påske.
18. febr.: Møte i diakoniutvalet.
- Konfirmantar
~~28. jan.:~~ Foreldrekveld med konfirmantane. Utsett til 11. mars.
11. febr.: Konfirmantundervisning.
- Arrangement
28. jan. og 25. febr: Sorggruppe.
30. og 31. jan.: Tårnagenthelg i Brunkeberg 3.-4. klassingar.
17. febr. og 3. mars: Institusjonsandaktar KOS og Midtsundtoppen.
22.-24. febr.: Bu-heime-leir med konfirmantane.
- Gudstenester
Brunkeberg UTE frå kyrkjetrappa (44 inkl. medverkande).
Kviteseid UTE ved 1000-års merket nedanfor kyrkjehammaren (38).
Vrådal, enkel m/ nattverd, maks 10 (13) 12. febr. – vigsel.
21. og 28. febr.: Dåpsgudstenester Brunkeberg.
- Gravferder 27. jan. og 9. febr.

Planlagde arrangement

- Gudstenester
28. febr.: Gudsteneste og dåpsgudsteneste Brunkeberg.

6. mars: Dåpsgudsteneste Brunkeberg.
7. mars: Gudsteneste Kviteseid.
10. mars: Taizé song/bøn Kviteseid.
14. mars: Gudsteneste og eiga dåpsgudsteneste Vrådal.
~~Fellesmøte UTE ved Kviteseidhallen 14. mars 16.00~~ Avlyst.
21. mars: Gudsteneste Kviteseid, etterfylgt av SOKNEMØTE med årsmøte.
PÅSKE-gudstenester:
31. mars: KOS, med nattverd.
Skjærtorsdag 1. april: Brunkeberg 18.00.
Langfredag 1. april: Vrådal 11.00.
Påskedag 4. april: Kviteseid kl. 11 og Vrådal kl. 13.30.
17. febr. og 3. mars: Institusjonsandaktar KOS og Midtsundtoppen.
- Anna
16. mars: Fellesbøn for Kviteseid (Misjonshuset kl. 18.00).
20. mars: Konf.-treff avlyst. Blir erstatta av lokalt arrangement i samband med fasteaksjonen (sjå Sak 18)
23.-25. mars: Nytt Kyrkjeblad kjem i posten.
24. mars: Føremiddagstreff på Misjonshuset.
11. april: Felles diakonidag for Vest-Telemark, Brunkeberg 17.00?
14. april: Neste soknerådsmøte.

Rapport smitteverntid (blir ettersendt eller informert om på møtet)

Ny smittevernføre skrift gjeld frå tysdag 23. februar 2021. Det er no lov å samlast inntil 100 personar til gudstenestlege samvær og gravferder, framleis med 2 meters avstand mellom huslydar / kohortar. Nytt nå er hovudsakleg at alle må få tilviste plassar der dei må sitje.

Andre saker:

- Vi treng nytt medlem til komité for Godhetsveka.
- Rekneskapsrapport for trusopplæringsmidlane frå bispedømet, er laga og sendt 26.02.
- Kyrkjeverja har spurt kommuneadministrasjonen om å få flytte kyrkjekontoret opp ein etasje til ledige lokale etter at Teknisk etat flytta ut. Den etasjen er meir open og lys, og det er betre plass, og eit greitt rom til møte som stabsmøte og div. komité- og utvalsmøte. Saka blir avgjort etter formannskapsmøte i slutten av mars. Alternativt flyttar vi på ein vegg i etasjen vi er i no, men det er ikkje på langt nær like bra.

SR-sak 13.21 FR | **Årsrekneskapen 2020****KS**

Ny rekneskapsmedarbeidar har brukt noko ekstra tid med denne årsavslutninga sidan ho ikkje kjende rekneskapen frå føringar i 2020. Kyrkjekontoret fekk ein uferdig årsrekneskap tilsendt 23. februar.

Får vi ein ferdig versjon før møtet, vert den ettersendt. Rekneskapen vert revidert når revisor får tid, etter at kommunerekneskapen er ferdig.. Endeleg vedtak av rekneskapen må gjerast etter revisjon.

Driftsrekneskapen viser kr 189.867 i mindreforbruk (overskot) samanlikna med budsjettet for 2020. Det viste forventa omsetnad på kr 4.858.000 inkl.tenesteytingsavtala.

(110) Kyrkjeleg administrasjon har eit underskot på kr 17.567, om lag som budsjettert.

(111) Kyrkjer har eit overskot på kr 153.388, om lag kr 117.000 betre enn budsjettert.

(112) Kyrkjegardar har eit overskot på kr 5.798, om lag 46.000 dårlegare enn budsjettert.

(113) Andre kyrkjelege føremål har eit overskot på kr 38.448, der vi forventa eit underskot på kr 96.000.

Nykel-tal for driftsrekneskapen 2020:

	Rekneskap	Budsjett
Brukarbetalingar og sal og tenester	-402 446	-524 000
Refusjonar / overføringar	-321 850	-410 000
Tenesteytingsavtala, kalkulatorisk	-148 000	-148 000
Statleg tilskot	-158 000	-146 000
Rammeoverføring / tilskot frå kommunen	-3 429 000	- 3 391 000
Andre tilskot, gåver, innsamla	-324 100	-255 000
Sum Driftsinntekter	-4 783 396	-4 874 000
Løn og sosiale utgifter	2 694 227	2 645 000
Kjøp av varer og tenester	1 276 224	1 570 000
Refusjonar / overføringar	352 351	342 000
Tenesteytingsavtala, kalkulatorisk	148 000	148 000
Tilskot og gåver	121 612	200 000
Sum driftsutgifter	4 592 414	4 905 000
Brutto driftsresultat	-190 981	31 000
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-189 867	0

Likviditeten vart stadig vanskelegare utover hausten 2020 òg, slik det var i 2019. Det skuldast at vi i 2019 gjekk over til momsoppgjjer ein gong i året (etter at året er omme) i staden for slik det har vore dei siste åra med terminvise oppgjjer (6 gonger i året). Momsrefusjon på over kr 600.000 for 2020 vert utbetalt no snart. Frå 2021 er vi tilbake til terminvise moms-oppgjjer.

Investeringsrekneskapen enda med eit overskot på kr 36.076) etter prosjektarbeid (=investeringar) på til saman kr 2.084.711. Ekstern finansiering var tilskot frå Riksantikvaren kr 420.000, 'Premiering' frå KNIF (tilskot) på kr 200.000, momsrefusjon på kr 357.017 og investeringstilskot frå kommunen på kr 1.000.000.

Balansen og **noter** vart ikkje ferdig til møtet.

Vedlegg: *Driftsrekneskap 2020 pr 24.2.2021 og Investeringsrekneskap 2020 pr 24.2.2021*

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet tar den førebelse årsrekneskapen for 2020 til orientering. Rekneskapen blir ettersendt når den ligg føre. Til årsmeldinga nyttar ein dei nyaste tala. Rekneskapen vert lagd fram for godkjenning på det neste møtet i soknerådet.

Det vart informert om på møtet at Momsoppgjret for 2020 på kr 672.792 kom 19.02.2021. Det vart òg gjort merksam på at **Investeringsrekneskapen** pr dags dato viser at det er overforbruk (udekt investering) på 36.076, som må dekkast inn (ved bruk av disposisjonsfond). Men nå er ikkje rekneskapen ferdig, så ting kan endra seg.

Kyrkjeverja gjorde og litt greie for **rekneskapsrapport for trusopplæringsmidlane** vi får frå bispedømet og må rapportere for. Samla inntekter til dette føremålet var på kr 348.000, inkl. tilskot på kr 158.000. Resten var i all hovudsak kollektar og faste gåver. Samla utgifter var på 338.000 (løn utgjorde kr 241.000). Dette gav eit overskor på nær kr 10.000. (i 2019 vart det eit underskot på kr 13.000)

VEDTAK:

Soknerådet tar den førebelse årsrekneskapen for 2020 til orientering. Rekneskapen blir ettersendt når den ligg føre. Rekneskapen vert lagd fram for godkjenning på det fyrste møtet i soknerådet etter at den er ferdig.

SR-sak 14.21 FR | **Årsmelding 2020**

MG

Arbeidsutvalet har handsama årsmeldinga på sitt møte 10. februar. Avsnitt om økonomi er berre førebels fram til revisjon. Dei siste tala frå 24.2.2021 er ikkje lagd inn. Til soknemøtet (årsmøtet) vert dei nyaste tala lagt inn. Årsmeldinga må vedtakast på nytt etter revisjon.

Vedlegg: *Årsmelding 2020 (pr 24.2.2021), ettersendt 25.02.2021*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre, etter eventuelle korrigeringar under møtet.

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 15.21 FR	Sakliste til soknemøtet og årsmøte	MG
<p>Vi vonar soknemøtet kan haldast sundag 21. mars som planlagt, etter gudstenesta i Kviteseid. Soknerådet si årsmelding/rapport og årsrekneskap vert lagt fram for orientering. Enkelte saker som liturgi og anna, skal og leggjast fram for soknemøtet om det er slike saker.</p> <p>Innkallinga til årsmøtet blir gjort kjend helst seinast 3 veker før. Det rekk vi ikkje no. Årsmelding og årsrekneskap vert lagt ut på nettsida vår med melding på Facebook torsdag 4. mars. Annonse i VTB blir sett inn fredag 12. mars. Soknemøtet blir også nemnt i den ordinære annonseringa i avisa fredag 19. mars.</p> <p>Forslag til saksliste for årsmøte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Konstituering</i> <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Val av ordstyrar/møteleiar, referent og 2 personar til å underteikne protokollen</i> b. <i>Godkjenning av innkalling og sakliste</i> 2. <i>Soknerådet si årsmelding for 2020</i> 3. <i>Årsrekneskapen for 2020 (med balanse og notar, ikkje revidert)</i> 4. <i>Budsjett for 2021.</i> 5. <i>Andre saker (må vera soknerådet i hende seinast 3 veker før årsmøtet)</i> 6. <i>Samtale om arbeidet</i> <p>Forslag til VEDTAK i SR: Sakliste for soknemøtet og plan for å gjere innkallinga kjend, vart godkjend.</p> <p>Sakliste for SOKNEMØTE 21. mars:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Konstituering</i> <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Val av ordstyrar/møteleiar, referent og 2 personar til å underteikne protokollen</i> b. <i>Godkjenning av innkalling og saksliste</i> 2. <i>Gjennomgang av årsmeldinga for 2020</i> 3. <i>Presentasjon av årsrekneskapen for 2020 og budsjett for 2021</i> 4. <i>Andre saker (må meldast inn på førehand)</i> <p>Medlemsmøte: <i>Samtale om arbeidet</i></p> <p>Årsmeldinga og rekneskapen når den blir ferdig, blir i tillegg lagt ut på papir i kyrkjene der det er messe før soknemøte.</p> <p>VEDTAK : Sakliste for soknemøtet og plan for å gjere innkallinga kjend, vart godkjend.</p>		
SR-sak 16.21 FR	Konfirmasjon i framtida	ML
<p>AU handsama denne saka på sitt møte 10. februar. (sjå referat frå AU)</p> <p>Sak til vedtak i AU: Det er snakk om ei eventuell endring av konfirmantåret med start i januar, sommarleir som avslutning av undervisninga og permanent flytting av konfirmasjonane til hausten. Dette må koordinerast i heile prostiet fordi felles opplegg som leirar og anna skjer i regi av “Ønsket & Elsket”. Vedlegget gjeld dette punktet.</p>		

Handsaming under AU-møtet:

Denne saka har frist allereie 19.2.2021 og kan difor ikkje handsamast på ordinær måte. Soknepresten samlar fordelar og ulemper med vår- og haust-konfirmasjonar. Ho ber om synspunkt frå årets konfirmantforeldre (sjølv om det ikkje vil gjelda dei) og frå neste års konf.foreldre. Så vert det ein rask høyringsrunde på mail til soknerådet, før ei avklaring vert gjort saman med SR-leiar. Så er det møte i prostirådet same kveld, der synspunkta til alle (19?) sokna i prostiet vil bli lagt fram. Der møter Gudrun Nordbø Venås for oss.

VEDTAK i AU: Som skissert i pkt. 2 over her.

Soknepresten samla så fordelar og ulemper med vår- og haust-konfirmasjonar. Ho bad om synspunkt frå årets konfirmantforeldre og frå neste års konf.foreldre. Så vart det ein rask høyringsrunde på mail til soknerådet 16.-18.2., før SR-leiar og soknepresten konkluderte.

Konklusjonen frå Kviteseid: (Vi blir orientert under møtet, og vedlegg kan bli ettersendt)

Denne vart oversendt prostirådet som hadde samla synspunkta til alle (19) sokna i prostiet. Der møter Gudrun Nordbø Venås for oss.

Konklusjonen frå prostirådet vart følgjande: (Vi blir orientert under møtet, og vedlegg kan bli ettersendt).

Soknerådet gjer på grunnlag av dette sitt vedtak.

Forslag til VEDTAK:

(blir utarbeidd under møtet)

Handsaming under møtet:

Det vart mykje snakk om kva som var sagt og gjort, og at prosessen ikkje var god og hadde for korte fristar.

Soknepresten presiserte at ho bad om synspunkt (på om konfirmasjonar i framtida skulle vere på våren slik som har vore vanleg, eller på hausten) frå årets konfirmantar og frå neste års konfirmantforeldre.

Soknepresten foreslo at alternative datoar for vår- og haust-konfirmasjonar med leir i veke 26 (etter skuleslutt i juni) vert lagt fram for konfirmantforeldra slik at dei samla får velje mellom vår-datoane eller haust-datoane.

Prostirådet hadde eit møte 19.2. der eit klart fleirtal ynskte å gå over til konfirmasjon på hausten, og mindretallet, dei fleste i Vest-Telemark, ynskte framleis vår.

I samtalar etter det møtet og vedtaket har det blitt avklart at ein ikkje MÅ ha haustkonformasjon for framleis å få vera med i “Ønsket og Elsket”.

Soknerådet ønskjer å protokollføre at vi synest det har vore ein noko uryddig prosess og alt for korte fristar i denne saka. Ein treng meir tid på å ta stilling til ei sak som dette. For framtidige saker frå “Ønsket og Elsket” som har innverknad på vårt lokale arbeid, må det vere betre prosess og lengre fristar.

VEDTAK:

Konfirmantforeldra for kullet 2021-22 blir førelagt to alternativ/sett med datoar for konfirmasjonar i 2022. Fleirtalet bestemmer så om konfirmasjonane skal bli vår eller haust det året.

SR-sak 17.21 SR**Mandat for gudstenesteutvalet****MG / ML**

AU handsama denne saka på sitt møte 10. februar på grunnlag av forslag frå gudstenesteutvalet (GU) sjølv. Dei hadde møte 26.01.2021

03/21 Gudstenesteutvalgets oppgåver/mandat (utsett frå møtet i desember)

Det var sendt ut eit vedlegg med tre døme på mandat for GU i andre sokn saman med eit forslag frå prest for GU hos oss lokalt. Ut frå dette arbeidde vi oss fram til eit samla forslag som vi vil fremje for soknerådet til vedtak der.

Forslag til mandat for gudstenesteutvalet for Kviteseid sokn

- *Gudstenesteutvalet arbeider for eit rikt og levande gudstenesteliv i soknet.*
- *Utvalet består av sokneprest, organist og medlemmer utnemnd av soknerådet.*
- *Utvalet er eit rådgjevande organ for soknerådet i spørsmål som har med gudstenestelivet å gjere.*
- *Etter initiativ frå soknerådet eller på eige initiativ kan utvalet førebu saker til vedtak i soknerådet. Dette gjeld til dømes for:*
 - *Gudstenesteplan*
 - *Offerplan*
 - *Liturgiske val*
 - *Saksførebuing ved eventuell søknad om justering av gudstenesteordninga.*
- *Gudstenesteutvalet arbeider med rekruttering og oppfølging av frivillige gudstenestemedarbeidarar.*

Vedlegg: *Referat frå Gudstenesteutvalet 2021.01.26*

VEDTAK i AU:

AU tilrår SR å vedta GU sitt forslag til eige mandat.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet vedtek gudstenesteutvalet sitt forslag til eige mandat.

(PS: Vedlegget vart ikkje med på innkallinga og blir difor ettersendt saman med referatet)

VEDTAK i SR:

Som føreslege.

SR-sak 18.21 SR**Fasteaksjonen****MG / ML**

Fasteaksjonen vart i 2019 berre digital. 17.2. var det eit møte om saka der prosten, prostidiakonen, KN-kontakten og mellom anna vår sokneprest var til stades. Sokneprest og trusopplærar har òg på grunnlag av det hatt samtalar med konfirmantane om kva dei kan eller ynskjer å bidra med.

Forslag til VEDTAK:

(blir utforma under møtet)

Handsaming:

Fasteaksjonen er søndag 21. mars.

På møtet nemnt over, vart det avklart at det er lov å ha både bøsser og digital fasteaksjon i år.

Vi ønskjer å ha digital innsamling i år som i fjor. Konfirmantane ønskjer i tillegg å arrangere eit løp med sponsorar. Detaljar vart avklart med dei seinare.

Kyrkjekontoret bestiller materiell og lagar plakatar.

VEDTAK:

Soknerådet ønskjer å stå med bøsser og plakatar utanfor matbutikkane i Morgedal, Kviteseid og Vrådal laurdag 20. mars midt på dagen, og har alt organisert seg. Konfirmantane har samstundes eit løp med sponsorar.

SR-sak 19.21**Eventuelt****MG / ML**

Komande SR i 2021 er 14. april, 2. juni, 25. august, 6. oktober og 17. november